

Årsmelding 2020

Kinsarvik Bygdekvinnelag

Årsmøtet

Årsmøtet 2019 vart halde i Fjordahallen 04.11.19.

Det møtte 24 medlemmer.

Vanlege årsmøtesaker og val.

Val

Dei 3 i styret som stod på val var : Gudbjørg Grønsdal, Jorunn N. Opedal og Margareth Moberg. Gudbjørg Grønsdal tok attval for 1 år, Jorunn N. Opedal og Margareth Moberg tok attval for 2 år. Helene Olsen stod ikkje på val i styret , men som leiar. Og ho tok attval. Helga Auganes vart vald inn som ny styremedlem , me vert såleis 6 medlemmer i styret, mot 5 året før.

Styret for 2020 vart sett saman slik :

Leiar :	Helene Olsen
Nestleiar :	Gunn Berit Beck
Kasserar :	Gudbjørg Grønsdal
Skrivar :	Jorunn Nornes Opedal
Studieleiar :	Margareth Moberg
Styremedlem:	Helga Auganes
Ansvarleg for laget si heimeside :	Gunn Berit Beck
Varafolk :	1 Bodil W. Ystanes (ny, Gerd Solberg tok ikkje attval) 2 Kirsti K. Nedrevåg(tok attval)
Valnemnd :	1 Kirsti M. Lutro(stod ikkje på val) 2 Signe Kirsti Ystanes (ny, Elin Skår tok ikkje attval)
Turnemnd :	Hildegun Sandstå og Gudrun Halland (stod ikkje på val)
Revisorar :	Kirsti M. Lutro (stod ikkje på val) Audhild Buddenbaum(stod på val,tok attval)

Andre saker

Årsmelding

Rekneskap

Årsplan

Årsmøtet vidare:

Matøkt med servering av Tapas, kake og kaffi.

Anne Lutro fortalde om møtet på slottet i tilknytning tildeling av H.M. Kongens fortene med medalje.

Gudbjørg Grønsdal viste bilete frå aktivitetar gjennom året.

Ymse info

Utlodding bl.a. av krotakaker.

Som alt anna i samfunnet har også Kinsarvik bygdekvinne lag vorte råka av koronapandemien. Dette har ført til ein del avlyste medlemsmøte og aktivitetar.

Laget har per oktober i 2020 37 medlemmer. 3 nye har meldt seg inn. Kontingenten vert no kravd inn sentralt og har vore kr 680, kr 130,- går til HBK.

Laget betalte alle utgiftene til mat på årsmøtet, og har heller ikkje teke loddpengar /kaffipengar på medlemsmøta.

Styret har hatt 4 styremøte, og 1 regionsmøte i regi av HBK. Elles ein god del kontakt via telefon og e- post.

Laget har hatt 7 medlemsmøte,

Medlemsmøte laget har hatt gjennom året :

1 Adventsmøte i Borstova 10.12.19.

Medlemmene hadde bede med seg gjester, og det møtte 34 stk. Me heldt til i Borstova.

Program: Den nye presten i Kinsarvik og Eidfjord, Johannes Pettersen, fortalde, song og spelte gitar. I tillegg hadde me matøkt, jolaquiz og utlodding.

2 Ope møte/ medlemsmøte 21.01.20.

Møtet vart halde i Fjordahallen. Det kom folk både frå Lofthus, Kinsarvik og Ringøy, det møtte ca 45 stk. Bibliotekar Erika Alnæs presenterte fofattarar og bøker. Ho fortalde og om utlånet ved Kinsarvik bibliotek. Etterpå hadde me bokquiz, matøkt og utlodding.

På slutten av kvelden hadde me vanleg medlemsmøte, der me tok opp nokre lagssaker.

3 Kvinnetreff 11.02.20.

Dette var eit ope møte der me heldt til i Fjordahallen. Me var samla 19 stk inkludert 2 born.

Fleire innflyttarkvinner kom og. Helene fortalde litt om bygdekvinnelaget og Gudbjørg viste bilete frå ulike aktivitetar i laget. Elles underheldt Elin oss med toradarmusikk og ei lita jente song bl.a. ein spansk song. I matøkta koste me oss med eritreisk og norsk mat. Dei frammøtte hadde og høve til å prøva seg på serviettbretting. Nokre tok turen innom perlekurset som og var i Fjordahallen denne kvelden. Der var det mykje fint å sjå både av bringklutar og belter.

4 Medlemsmøte 10.03.20.

Møtet vart halde i Fjordahallen. Me hadde bede inn Bu/Ringøy bygdekvinnelag. Me var samla 27 stk. Tema for kvelden var : Bruken av bunader og skaut, og korleis verva unge medlemmer. Alis Bjotveit fortalde om eit skautefellingsprosjekt ho hadde vore med på i regi av museet. Ho viste og korleis ein brettar skaut. Helene fortalde om bunadsutleiga i laget vårt. To yngre medlemmer frå Bu/Ringøy bygdekvinnelag fortalde kvifor dei hadde meldt seg inn i laget og kva aktivitetar dei hadde på medlemsmøta. Denne kvelden hadde me og quiz om gamle ord og uttrykk.

5 Medlemsmøte 09.06.20.

Me samlast utandørs på Ålmerket i strålende vårver. 13 stk møtte. Alle hadde med sin eigen mat og drikke. Helene gav info om ulike saker. Etterpå gjekk me ein tur til den planlagde klatreparken på Sandvik.

6 Medlemsmøte 21.09.20.

Møte vart halde i Borstova. 12 stk. møtte. Helene gav informasjon om ulike aktivitetar utover hausten. Denne kvelden skulle me hatt Oddbjørn Lynghammar som skulle ha presentert den nye boka si «Fjellfolket». Men det vart utsett til ein seinare gong p.g.a. koronasmitten.

Det vart berre servert kaffi, dei frammøtte hadde med sin eigen mat. Det var heller ikkje utlodding, men loddsal på bok starta den kvelden.

7 Medlemsmøte 12.10.20.

Møtet vart halde i Borstova, 16 stk. møtte. Denne kvelden skulle me hatt Torbjørn Ljones (Kvitanesen) til å underhalda. Det vart utsett til seinare. Tema for kvelden vart difor : Bruk heile dyret. Helene delte raust av sine erfaringar med slakting og bruk av heile dyret. Oppskrifter vart delt ut. Seinare var det matøkt, der kvar hadde med sin eigen mat. Det vart utlodding den kvelden, og me hadde qiz.

Andre aktivitetar

- ❖ Loddsal på bok til ny gutebunad for utleige.

Bøker er lagt ut på butikkar, og me vil sitja på Spar å selja lodd. Trekning av gevinstane vert truleg under jolegateopninga.

- ❖ Den 10.06 og 11.06 skulle det ha vore baking til kakedag, men då det vart avlyst, fekk medlemmene høve til å koma å baka til seg sjølv. 8 stk nytta høve, kvar betalte for baksteveden.
- ❖ Baking i eldhuset 12.10 og 13.10. Ein del av krotekakene skal vera til gevinstar på bok. Det vart og gjeve 20 kaker til Bråvolltunet. Resten vert seldt på stand på jolegateopninga om det vert aktuelt.
- ❖ Kurs
 - Det har vorte halde perlekurs frå jan. til mars ved Kjellaug Ystanes med 11 deltakarar. Kurset gjekk over 9 kveldar, p.g.a. korona vart siste kurskveld i juni. Nytt kurs startar opp att i oktober på 6 kveldar, her deltek 8 stk.
- ❖ Turar i nærområdet.
 - Me hadde 2 gåturar i vår, 1 til Feisdal og 1 langs banalinja til Stølsbrua og vidare til kraftstasjonen. I haust hadde me tur i Bråvollslia.
- ❖ Det har vore tilbod om styrketrening i Fjordahallen frå haust 2019 til mars 2020. Etterpå møttes gruppa på Gløyp til sosialt samver. Det vil verta sett i gang att i haust, men me tek atterhald om oppstart p.g.a. korona og restriksjonar.
- ❖ Brev er sendt til Ullensvang kommune, til Vestland fylke og Fjordavegen rute 13 om fortgang i utbetring av riksveg 13 mellom Kinsarvik og Bjotveit. Brevet er også publisert i HF og nettsida til laget.
- ❖ Laget har sendt svar på høyring til HBK om korleis årsmøta skal arrangerast i framtida.

Avlyste møte /arrangement/kurs

- ✓ Aprilmøte 21.04.20
- ✓ Turen i mai
- ✓ Bakedagane i eldhuset 10.06 og 11.06.
- ✓ Kakedagen ved Borstova 13.06.
- ✓ Møtet med Oddbjørn Lynghammar 21.09.
- ✓ Møtet med Torbjørn Ljones 12.10.
- ✓ Samarbeidet med Kinsarvik skule om baking i eldhuset i oktober
- ✓ Krotekakekurs/ flatbrødkurs

Løyvingar og gåver

Hårteigen 4H: ca kr 700,- (fruktkorger)

Ullensvang Skulemusikklag: ca kr 700,- (fruktkorger)

Gevinst til HBK sitt lotteri: kr 500,-

Vennemynten: kr 200,-

Hjelpefondet: kr 500,-

Levekårsprosjektet: kr 2074,- til mat og jolegåver.

Hordaland 4H ,»Superkurs» i Kinsarvik: kr 3000,- søknaden kom frå Hårteigen, Bjødnabykse og Varden 4H som var tilskiparklubbane.

Mottekne midlar

Momskompensasjon kr 3679,-

Grasrotmidlar kr 403,-

Koronakompensasjon kr 22400,-(for avlyst kakedag)

Utsettingar til møte.

Årsmøtet I HBK vart i år halde digitalt den 09.05.20 på nettstaden Zoom. Her var det

Helene Olsen, Gunn Berit Beck og Margareth Moberg som deltok.

Leiar møtte på årsmøte i Fjordahallen utstyrslag.

2 frå styret møtte på Bygdekvinneforening på Bjørgum på Voss

Til utleige

Me har til leige brure- og brudgomsbunad , og konfirmantbunader til gutar.

Laget har skaffa 1 ny gutebunad i år. Det er Bunadsbua i Øystese som har sydd bunaden. Margreta Rønning har vove kragesettet til skjorta. Kostnaden vart kr 40200,- Forsikringa til bunadene er justerte opp dette året.

8 konfirmantar frå Kinsarvik, Lofthus og Odda har leigd bunad i år. Hardanger Folkehøgskule har leigd brurebunaden og 4 herre/konfirmantbunader.

Facebook-side

Laget har eiga facebook-side som Margareth Moberg har ansvaret for.

Heimeside

Laget har ei fin heimeside. Her legg Gunn Berit Beck ut fine bilete og tekst frå dei fleste aktivitetane våre. Gå inn på : Bygdekvinnelaget.no. Vel lokallag.

Merknad:

Møtedag for medlemsmøta har det siste året vore tysdagar, men vert flytt tilbake til måndagar slik det var tidligare, med verknad frå hausten 2020.

Me ser tilbake på eit godt arbeidsår trass i koronarestriksjonar. Styret takkar medlemmene for godt samarbeid!

Jorunn Nornes Opedal

skrivar

Helene Olsen

leiar